

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

|                  |                               |
|------------------|-------------------------------|
| <b>Råd:</b>      | <b>Stord sokneråd</b>         |
| <b>Tid:</b>      | <b>Onsdag 31. august 2022</b> |
|                  | <b>Kl. 19.15 – 21.00</b>      |
| <b>Møtestad:</b> | <b>Kyrkjekontoret</b>         |
| <b>Opning:</b>   | <b>Svein Arne</b>             |

**Tilstades:**, Nils Dale Elde, Kirsti Angvik Frugård, Sigrunn Ljosland, Svein Arne Theodorsen, Egil Petterteig, Dag Sele, Ingeborg I. H. Ørjasæter, Signe Vorland (1. vara), Dagfinn Koppang (3. vara), Reidun Andersen (sakshandsamar)

**Forfall:** Anders Dahl, Sigrid Beate Eskeland.

## SAKLISTE

### 2022/45- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Vedtak:** Godkjent  
Samrøystes

### 2022/46- 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

**Vedtak:** Godkjent  
Samrøystes

### Orientering frå AU om saker vedteke på fullmakt

#### **Sak 2022/43** – Endringar i soknerådet

Sokneprest Olav Johannes Oma har slutta i stillinga og går ut av soknerådet. Prost Svein Arne Theodorsen går inn i soknerådet som geistleg representant i perioden fram til tilsetjing av ny sokneprest. Reidun Andersen kjem til å møte på soknerådsmøta framover og tek ei rolle som sakshandsamar / sekretær for soknerådet. Ho vil og få ei rolle i å vere eit bindeledd mellom soknerådet og staben i forhold til å sikre ein god kommunikasjon og informasjon mellom råd og stab. Ho vert og sentral i planlegginga av soknerådsvalet hausten 2023. Soknerådet tok saka til orientering.

#### **Sak 2022/44** – Høyringsuttale ifm tilsetjing av kyrkjemusikar

Noah Wibe er einaste søkjar på utlyst stilling som kyrkjelydsmusiker og Stord Kyrkjelege Fellesråd har bede Stord sokneråd om ei uttale før handsaming av tilsetjing.

**Vedtak:** Arbeidsutvalet gir på vegne av Stord sokneråd tilslutning til å tilsetje Noah Wibe i stillinga som kyrkjelydsmusikar.

### 2022/47- 362 Misjonsprosjekt

Terje Holmedahl i Normisjon har tatt kontakt for avklaring av om Stord sokn ønskjer å vidareføre avtalen om misjonsprosjekt.

#### **Vedtak:**

Diakoniutvalet får ansvar for å ta kontakt med Terje Holmedal for å innhente meir informasjon om misjonsprosjektet og foreslå for soknerådet om vi skal forlenge avtalen med same misjonsprosjekt eller skifte til eit nytt. Signe Vorland tar kontakt med Terje Holmedal for meir informasjon ang. dette.

### 2022/48- 212 Uttale ifm. tilsetjing av diakon og/eller trusopplærar

Dag Sele vil orientere om status i søkjarar til opne stillingar innan diakoni og trusopplæring. Stord Kyrkjelege Fellesråd ber Stord sokneråd om ein uttale rundt aktuelle kandidatar.

#### **Vedtak:**

Soknerådet er positiv til å tilby søkjaren 40% stilling i trusopplæringa i tillegg til 60% som diakonimedarbeidar.

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

## 2022/49 - 360 Oppstart og aktivitetar hausten 2022

Soknerådet har lagt opp til oppstart uke 36/37.

- Pizza & Quiz laurdag 3. sept kl 19.30
- Familiegudsteneste i Parken søndag 4. sept kl 11.00 (Sigurd Grindheim), Junior Ving, karamellkastar, utstyr vert kjørt opp av staben
- Basar i Kyrkjestova laurdag 10. sept
- Konsert Lykte 10. sept
- Gudsteneste i Stord kyrkje 11. sept kl 11.00 og kl. 13.00 (Svein Arne)
- Søndagskaffi søndag 11. sept
- Konsert Andre Eide 11. sept

### Andre særlege aktivitetar hausten 2022:

- Døgnet 9.-10. sept
- Møte i regi av Israelsmisjonen 17. sept, Kirsti og Signe tek ansvar frå soknerådet
- Diakonien dag 18. sept, Kirsti og Signe tek ansvar frå soknerådet
- Avslutningsfest for Ole Jørgen Furdal 28. sept, Dag og Liv Kari har ansvaret
- Kveldsgudstjeneste fredag 30. september, ikkje 1. oktober som tidlegare annonsert.
- Prostdag, del av biskopens avskjedsturne 3. nov
- Kyrkjelydsleir på Brandøy 4-6. nov; Komite Sigrunn, Dagfinn, Kristi, Reidun og Kjellaug S. Eide.

## Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. «Kva skjer i kyrkja vår?», orientering v/Svein Arne og Reidun: 110 konfirmanter vart presentert i gudstenesta i Stord kyrkje 28. september, mykje dåp, mange gravferder, fagdag staben arbeidsmiljø, plan for haustsemesteret
2. Innspel frå utvala – tankar om hausten: Tol har hatt møte: trusopplæringa har slått saman nokre aktivitetar, T1-9 pølsefest 31.08: 61 stk, 4-årsbok, usikkert om det blir undretur, Lys Vaken med overnatting, Her og Der bør ha ein person til, Gudstenesteutval og kyrkjelivsutval har ikkje hatt møte pga mangel på sokneprest. Slå saman kyrkjelivsutval og diakoniutval? Diakoniutvalet skal ha møte i morgon, møte med flyktningar, diakoniens dag.
3. Orientering om utlyste prestestillingar v/Svein Arne. Ein har meldt si interesse som spesialprest, er ferdig utdanna sommar 2023, evt stiftspraksis til våren, fristen for begge stillingane er 18. september. Må få dette tydeleg ut no.
4. Orientering frå Fellesrådet v/ Dag. Dialog med kommunen vedrørende støtte til straumutgifter, tilsettingssaker, jfr sak over.
5. Innspel frå kyrkjelyden – leike-døpefont? Positiv, TOL- utvalet tar dette vidare.
6. Tilbod frå privatperson om at ho kan sy dåpskjole til utlån for Stord kyrkjelyd, ho kan administrere arbeidet rundt dette. Soknerådet tek imot med stor takk.

## Skriv, referat og meldingar

1. Referat, Stord Kyrkjelege Fellesråd 15. juni

Anders Dahl  
soknerådsleiar  
sign

Reidun Andersen  
Sakshandsamar  
sign